



Surnadal Idrettslag

***Postboks 1
6656 Surnadal***

Referat frå styremøte i Surnadal IL

Tid: Torsdag 26. mars 2015 kl. 18.00-19.00.
Stad: Syltøran
Referent: Øystein Hjelle Bondhus

Til stades: Ola Mogstad
Toril Storrøsæter
Svein Dalen
Arne Øie
Einar Bergheim
Erling Fiske
Ellbjørg Haugen Larsen
Stian Faksnes
Øystein Hjelle Bondhus

Forfall: Ingen

Sakliste:

Sak 9/15 Godkjenning av referat frå styremøtet 17. februar

Referatet er godkjent.

Sak 10/15 Førebuing av årsmøte

- Årsmelding 2014

Årsmeldinga til styret vart gjennomgått.

Merknad til hovudstyrets beretning:

- Avsnittet om arbeidsutval på side 1 kuttast ut, ettersom det ikkje er aktuelt lenger.
- Svein Dalen er medlem i styret i Idrettsvekst AS, ikkje Ola Mogstad.
- I avsnittet om NUM 2014 skal «ett»
- Styret ønskjer å standardisere årsmeldingane fram mot årsmeldinga 2015.

Vedtak: Årsmelding for SIL Hovudstyret og resten av gruppene vart einstemmig godkjente, med kommentarane til SIL Hovudstyret ovanfor.

- Rekneskap 2014

Revisjonsberetninga frå revisor vart gjennomgått.



Surnadal Idrettslag

***Postboks 1
6656 Surnadal***

Ola og Øystein tek eit møte med revisor for å få konkrete tilbakemeldingar på bilagsnivå kva manglar det er snakk om.

Vedtak: Styret si innstilling til vedtak er at rekneskapen blir godkjent slik den framstår.

- Budsjett 2015

Merknad: Gruppevis budsjett manglar.

- Medlemskontingent 2015

Vedtak: Hovedstyrets forslag til vedtak:

Voksne (f.o.m. 20 år) – kr. 250,-.
Barn/ungdom/honnør (t.o.m. 19 år) – kr. 150,-.
Familier – kr. 500,-

Med honnør meinast medlemmar som er 67 år eller eldre.

- Inkomne forslag

Dei inkomne forslaga vart gjennomgått.

Det første forslaget gjekk på publisering av styreprotokollar.

Vedtak: «Protokoller fra styret legges ut på idrettslagets hjemmeside senest 14 dager etter styremøtene.»

Det andre gjekk på dagleg leiar si tilknytning.

Vedtak: **Hovedstyrets forslag til vedtak:**

Daglig leiders tilknytning, og finansiering av stillingen, videreføres som tidligere vedtatt.

Sak 11/15 Open post

Ingen saker.